

*Arealdelen til  
kommuneplanen*

skriftleg del

*2014-2024*

*Godkjent plan  
11.09.2014*

# INNHALD

<b>1.0 INNLEIING</b> .....	<b>4</b>
1.1 Bakgrunnen for planarbeidet .....	4
1.2 Planomtale og konsekvensutgreiing .....	4
1.3 Verknader av planen.....	5
1.4 Dagens situasjon – planar etter plan- og bygningsloven (pbl) .....	5
1.4.1 Gjeldande arealplanar .....	5
1.4.2 Kommunal planstrategi .....	6
1.4.3 Samfunnsdelen til kommuneplanen 2011-2023 .....	6
<b>2.0. MÅLSETTINGAR/FORVENTNINGAR</b> .....	<b>7</b>
2.1 Nasjonale forventningar .....	7
2.2 Fylkeskommunale målsettingar/forventningar.....	8
2.3. Kommunale målsettingar/retningsliner .....	9
2.3.1 Kommunal planstrategi 2012-2016 .....	9
2.3.2 Samfunnsdelen til kommuneplanen .....	10
2.3.3 Planprogram for revisjon av arealdelen til kommuneplanen .....	11
2.3.4 Rammer og overordna premisser for arbeidet.....	11
<b>3.0 KULTUR-, NATUR-, MILJØ- og SAMFUNNSINTERESSER</b> .....	<b>12</b>
3.1 Kulturminne, -miljø og -landskap .....	12
3.2 Landbruks-, natur- og friluftinteresser /Grøntstruktur.....	12
3.3 Biologisk mangfald/Naturmangfaldloven .....	12
3.4 Stadforming .....	13
3.5 Universell utforming .....	13
3.6 Folkehelse.....	14
3.7 Samfunnsberedskap.....	14
3.8 Valdres natur- og kulturpark .....	15
<b>4.0. UTBYGGINGSOMRÅDE MED AREALREKNSKAP</b> .....	<b>16</b>
4.1 Bustadområde.....	16
4.2 Område/tomter for fritidsbustadar.....	17
4.3 Fritids-/turistføremål (Ft1) .....	19
4.4 Råstoffutvinning .....	20
4.5 Næringsområde .....	20
4.6 Idrettsanlegg (I).....	20
4.7 Andre typar anlegg (A) .....	21
4.7.1 Naust (An) .....	21
4.7.2 Fiskebuer m/naust (Afn).....	21
4.7.3 Bioenergianlegg (Ab).....	21
4.7.4 Grav- og urnelundar (Gu).....	21
4.7.5 Andre område .....	21
<b>5.0 KONSEKVENSVURDERING</b> .....	<b>23</b>
<b>6.0 PLANFØRESEGNAR OG RETNINGSLINER M.M.</b> .....	<b>24</b>
6.1 Planføresegner .....	24
6.2 Retningsline 1.....	24
6.3 Retningsline 2.....	24
6.4 Retningsline 3.....	24
6.5 Retningsline 4.....	24
6.6 Retningsline 5.....	24

6.7 Byggegrenser for riks- og fylkesvegar .....	24
6.8 Temakart.....	24
<b>7.0 VURDERINGAR OG MØTEBØKER.....</b>	<b>25</b>
7.1 Møtebok 1 sak 041/12 i formannskapet: Arealdelen til kommuneplanen 2012-2024, 21.06.12 .....	25
7.2 Grunnlagsdokument 1 – 1. vurdering av innspel om hytteområde .....	25
7.3 Grunnlagsdokument 2 – 2. vurdering av innspel om hytteområde .....	25
7.4 Grunnlagsdokument 3 – vurdering av innspel om bustadområde.....	25
7.5 Grunnlagsdokument 4 – vurdering av innspel om naust og fiskebuer.....	25
7.6 Grunnlagsdokument 5 – vurdering av andre innspel .....	25
7.7: Møtebok 2 sak 017/13 i formannskapet: Arealdelen til kommuneplanen 2012-2024, 11.04.13 .....	25
7.8: Samandrag og vurdering av innkomne merknadar ved 1. offentleg ettersyn frå NVE, FMiO, OFK og SVV. ....	25
7.9: Samandrag og vurdering av alle andre innkomne merknadar ved 1. offentleg ettersyn... 25	
7.11: Møtebok 3 sak 050/13 i formannskapet: Arealdelen til kommuneplanen 2012-2024, 07.11.13 .....	25
7.12: Samandrag og vurdering av innkomne merknadar ved 2. offentleg ettersyn frå NVE, OFK, SVV og FiO.....	25
7.13: Samandrag og vurdering av alle andre innkomne merknadar ved 2. offentleg ettersyn. 25	
7.14: Møtebok 4 sak 018/14 i formannskapet: Arealdelen til kommuneplanen 2012-2024. 15.05.14 .....	25
7.15: Samandrag og vurdering av innkomne merknadar ved 3. offentleg ettersyn frå NVE, OFK, SVV og FiO.....	25
7.16: Samandrag og vurdering av alle andre innkomne merknadar ved 3. offentleg ettersyn. 26	
7.17: Sluttbehandling: Arealdelen til kommuneplanen 2012-2024, 28.08.14(F)/11.09.14(K) 26	
7.18: Samandrag og vurdering av innkomne merknadar ved 4. offentleg ettersyn .....	26
<b>8.0 ORDFORKLARINGAR.....</b>	<b>27</b>
<b>9.0 ERFARING.....</b>	<b>29</b>
<b>10.0 VEDLEGG .....</b>	<b>29</b>

## **1.0 INNLEIING**

### ***1.1 Bakgrunnen for planarbeidet***

Kommunen skal ha ein samla kommuneplan som omfattar samfunnsdel med handlingsdel og arealdel (pbl § 11-1).

Alle kommunar skal ha ein kommuneplan. Kommuneplanen skal ta utgangspunkt i den kommunale planstrategien. Det er eit viktig prinsipp at både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver skal ivaretakast og at all kommunal planlegging skal leggja statlege og regionale pålegg og retningslinjer til grunn (pbl § 11-1).

Kommunane skal vurdera behovet for revisjon av arealdelen og samfunnsdelen ved behandlinga av den kommunale planstrategien. Kommunal planstrategi skal vera godkjent seinast eit år etter konstitueringa av nytt kommunestyre (pbl § 10-1). Av gjeldande planstrategi går det fram at arealdelen til kommuneplanen skal reviderast, og at delplan for bygdene og utmarksdelen skal samlast i ein plan.

Arealdelen skal visa planar for bruk og vern av areal i kommunen, og kva viktige omsyn som må vurderast ved disponering av areala og korleis areala samla sett skal disponerast for å nå måla for samfunnsutviklinga.

Revisjonsarbeidet omfattar delplanane for bygdene (godkjent 2009) og utmarka (godkjent 1995) samt alt areal som inngår i kommunedelplanane for Aurdalsåsen, Liaåsen, Merket utmarksområde, Skrautvål heimås, Svennes sameige, Tisleidalen grendesenter og Ulnes sameige.

Kommuneplanen består av eit plankart og ein skriftleg del med planføresegner, omtale av planframlegget og konsekvensutgreiing for nye utbyggingstiltak.

Kommunestyret sitt vedtak om å godkjenna eller endra arealdelen kan ikkje påklagast (jf. pbl. § 11-15).

### ***1.2 Planomtale og konsekvensutgreiing***

Alle forslag til planar etter plan- og bygningsloven skal ved offentleg ettersyn ha ei planomtale som gjer greie for føremålet til planen, hovudinnhaldet, verknader, og planens forhold til rammer og retningslinjer som gjeld for området (pbl § 4-2).

For kommuneplanar med retningslinjer eller rammer for framtidig utbygging og for reguleringsplanar, skal planomtalen gje ei særleg vurdering og omtale - konsekvensutgreiing – om kva verknader planen kan ha for miljø og samfunn. Kravet om konsekvensutgreiing gjeld berre dei delane av planen som fastset rammer for framtidig utbygging og som medfører endringar i høve til gjeldande plan, ikkje dei element i planen som er ei vidareføring av eksisterande situasjon.

Føremålet med føresegna om konsekvensutgreiingar er at omsynet til miljø og samfunn blir vurdert under førebuingane til planarbeidet, og når det vert teke stilling til om, og ev. på kva vilkår, planen kan gjennomførast.

I §2 i forskrift om konsekvensutredning frå 01.07.09 går det fram at arealdelen til kommuneplanen alltid skal behandlast etter forskrifta.

### ***1.3 Verknader av planen***

Når kommuneplanen er vedteken er han bindande for nye tiltak eller utviding av eksisterande tiltak (pbl § 11-6). Paragraf 1–5 i pbl viser til at ein vedtatt plan skal leggest til grunn for vidare planlegging og forvaltning m.v. Tiltak etter § 1-6 i pbl må ikkje vera i strid med arealføremålet til planen og generelle føresegner, samt føresegner knytt til arealføremål og hensynssoner

Kommuneplanen gjev ikkje ekspropriasjonsheimel.

Det er viktig å presisera at byggeområde som blir vist i denne kommuneplanen og som det ikkje er gjort noko med når neste revisjon av arealdelen vert starta opp, vil bli vurdert tatt ut av kommuneplanen igjen. Kommunen har ei målsetting om å ha ein mest muleg realistisk kommuneplan, og at planen skal visa dei byggeområde som faktisk vil bli bygd ut i planperioden.

### ***1.4 Dagens situasjon – planar etter plan- og bygningsloven (pbl)***

#### **1.4.1 Gjeldande arealplanar**

*Arealdelen til kommuneplanen, delplan for bygdene*

Gjeldande plan vart godkjent av kommunestyret 12.11.09.

*Arealdelen til kommuneplanen, delplan for utmarka*

Gjeldande plan vart godkjent av kommunestyret 18.09.95.

<i>Kommunedelplanar</i>	<i>godkjent</i>
Kommunedelplan for Skrautvål heimås	08.02.93
Kommunedelplan for Ulnes sameige	08.05.95
Kommunedelplan for Tisleidalen grendesenter	26.06.95
Kommunedelplan for Aurdalsåsen	15.11.04
Kommunedelplan for Svennes sameige	13.12.04
Kommunedelplan for Merket utmarksområde	15.06.06
Kommunedelplan for Liaåsen	14.06.07
Kommunedelplan for E16 Bagn-Bjørgo	31.03.11
Kommunedelplan for E16 Fagernes-Hande (alt 2AB Røn)	19.12.13

#### *Reguleringsplanar*

Av § 1-5 i pbl går det fram at ny plan ved ev. motstrid går framom eldre plan eller planføresegn for same areal med mindre noko anna er fastsett i den nye planen. I planføresegnene er det bestemt at eldre reguleringsplanar framleis gjeld i den grad dei ikkje er i strid med kommuneplanen (pbl § 11-8, f).

Reguleringsplan er eit arealplankart med tilhøyrande føresegner som fastlegg bruk, fleirbruk og vern i bestemte område, og som gjev grunnlag for avklaring av kva bygge- og anleggstiltak som kan gjennomførast i planområdet.

Større bygge- og anleggstiltak utløyser alltid krav om reguleringsplan, jf. § 12-1 i pbl. Krav om reguleringsplan går elles fram av føresegnene til kommuneplanen. Det er krav om

planomtale og risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS-analyse) for alle reguleringsplanar, jf. §§ 4-2 og 4-3. Reguleringsplan kan utarbeidast som områderegulering eller detaljregulering.

*Områderegulering* er primært ein plantype som vert utarbeidd av kommunen etter krav i arealdelen til kommuneplanen, eller der kommunen etter tilhøva finn at det er nødvendig å utarbeida slik reguleringsplan for eit område for å ivareta verneomsyn, eller for å leggja til rette og setta rammer for vidare planlegging, utvikling og bygging.

*Detaljregulering* vert nytta for å følgja opp og konkretisera overordna arealdisponering i arealdelen til kommuneplanen eller områderegulering. Både private og offentlege aktørar kan utarbeida detaljregulering.

#### **1.4.2 Kommunal planstrategi**

Ifølgje § 10-1 i ny plan- og bygningslov så skal kommunen minst éin gang kvar valperiode utarbeida og vedta ein kommunal planstrategi. Den kommunale planstrategien er ikkje ein plantype, men skal vera eit hjelpemiddel for kommunen til å fastlegga det vidare planarbeidet.

Vedtaket skal vera gjort seinast innan eitt år etter konstitueringa til kommunestyret. Første gang det er formelt krav om at planstrategien skal vedtakast er hausten 2012.

Parallelt med siste revisjon av samfunnsdelen til kommuneplanen valte kommunestyret å utarbeida ein kommunal planstrategi, sjølv om ikkje lovkravet trer inn formelt før i 2012. Gjeldande kommunal planstrategi vart derfor godkjent av kommunestyret 16.12.10.

Det er starta arbeid med revisjonen av kommunal planstrategi, og denne skal etter framdriftsplanen godkjennast i september/oktober 2012.

#### **1.4.3 Samfunnsdelen til kommuneplanen 2011-2023**

Gjeldande samfunnsdel vart godkjent 16.12.10. Den viktigaste oppgåva til samfunnsdelen er å peika ut satsingsområda til kommunen dei neste åra. Hovudprioriteringane til kommunestyret skal gå fram av samfunnsdelen.

## 2.0. MÅLSETTINGAR/FORVENTNINGAR

### 2.1 Nasjonale forventningar

I kongeleg resolusjon den 24.06.11 vart nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging fastsett. I plan- og bygningsloven frå 2009 går det fram at Kongen kvart fjerde år skal utarbeida eit dokumentet som tek for seg nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging for å fremma ei berekraftig utvikling. Tidlegare har det blitt utarbeidd stortingsmeldingar om regional og kommunal planlegging, og rundskriv om nasjonale mål og interesser i fylkesplanlegginga. Forventningane er retningsgjevande for planlegginga i fylka og kommunane.

Det er lista opp 9-16 forventningar til følgjande 6 tema:

#### 1. Klima og energi

- ta omsyn til klimautfordringane og norsk energiomleggingspolitikk
- nye område for nærings- og bustadføremål må vurderast utifrå klimatiske forhold
- visa stor aktsemd med å planlegga for utbygging i fareområde og andre område som kan bli negativt berørt av klimaendringar.

#### 2. By- og tettstadsutvikling

- hindra nedbygging av landbruks-, natur- og friluftsområde
- leggja til rette for ein aktiv livsstil og auka friluftsliv
- ta vare på og vidareutvikla ein samanhengande grønnstruktur
- fortetting skal vektleggast i by- og tettstadskommunar

#### 3. Samferdsel og infrastruktur

- samordning av areal- og transportplanlegging
- unngå nedbygging av naturtypar, friluftsområde, kulturlandskap, dyrka mark, kulturminne og –miljø

#### 4. Verdiskaping og næringsutvikling

- ta omsyn til kva behov bedrifter og næringar har for lokalisering og kor eigna areal er, samtidig som arealbruken blir avklart mot andre bruks- og verneinteresser

#### 5. Natur, kulturmiljø og landskap

- alminnelege føresegner om berekraftig bruk i naturmangfaldlova vert lagt til grunn for planlegging som berører naturmangfaldet
- det vert teke omsyn til landbruksareal og kulturlandskapet, bidra til at nasjonale jordvernmål vert nådd og redusera oppsplitting av viktige areal
- vurderer byggeforbod i 100 meterssona langs vassdrag
- registrera og verdisetta lokale kulturminne og -miljø

#### 6. Helse, livskvalitet og oppvekstmiljø

- sikra område som er lett tilgjengelege og tilrettelegte for friluftaktivitetar, idrett, leik og avkopling, og som er fri for forureining og støy
- vektlegga universell utforming
- ved planlegging førebygga miljø- og helseulempar i form av forureining, støy, radon eller auka ulukkesrisiko og samtidig prøva å fjerna eller redusera eksisterande problem

## Viktige arealpolitiske føringer

*St.meld. nr. 26 (2006-2007) Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand*

- Fritidsbustader skal lokaliserast og utformast med vekt på landskap, miljøverdiar, ressursbruk og estetikk.
- Byar og tettstadar skal utviklast slik at miljø, livskvalitet og helse blir fremma gjennom god stadforming og bustadkvalitet, tilgjengelege uteareal med høg kvalitet og samanhengande grønnstruktur med godt samband til omkringliggende naturområde.
- Det blir understreka at den nasjonale politikken for lokalisering av kjøpesenter og andre handelskonsept ligg fast. Offentleg og privat publikumsretta verksemd, herunder kjøpesenter, skal lokaliserast sentralt og til område som er lett tilgjengeleg med kollektivtransport. Fylkesdelplan for lokalisering av varehandel i Oppland vart vedtatt av fylkestinget 14.06.04.
- \* Alle skal ha mulegheit til å driva friluftsliv som helsefremjande, trivselsskapande og miljøvenleg aktivitet i nærmiljøet og i naturen elles
- \* Eit representativt utval av norsk natur skal vernast for komande generasjonar.
- \* I trua naturtypar skal ein unngå inngrep, og i omsynskrevjande naturtypar skal viktige økologiske funksjonar oppretthaldast.
- \* Kulturlandskapet skal forvaltast slik at kulturhistoriske og estetiske verdiar, opplevingsverdiar, biologisk mangfald og tilgjenge vert oppretthalde.
- \* Freda og fredningsverdige kulturminne og kulturmiljø skal vera sikra og ha ordinært vedlikehaldsnivå i 2020.

I St.meld. nr. 16 (2004–2005) ”*Leve med kulturminner*” blir det dokumentert at uerstattelege kulturminneverdiar er i ferd med å gå tapt. Dei heilskaplege historiske miljøa begynner å bli få. Eit representativt utval av kulturminne og -miljø skal takast vare på i eit langsiktig perspektiv. Gjeldande Fylkesdelplan for kulturminnevern vart vedtatt i 2002.

I St.meld. nr. 22 (2007-2008) ”*Samfunnssikkerhet. Samvirke og samordning*” blir situasjonar kring ras, flaum, ekstremvêr, skogbrannar etc. omtala saman med forhold kring klimaendringar. Regjeringa vil at det norske samfunnet i større grad må førebu seg på klimaendringar, og omsynet til å redusera konsekvensane av klimaendringar må ligga til grunn i planlegginga på alle nivå. Gjeldande risiko- og sårbarheitsanalyse for Oppland fylke vart vedtatt 09.12.09, ”*Regionplan for samfunnssikkerhet og beredskap 2010-2013*”.

Rikspolitiske retningsliner for samordna areal- og transportplanlegging (T-5/93) er ein vesentleg premiss saman med rikspolitiske retningsliner for å styrka interessene til barn og unge i planlegginga (T-1/95). I rundskriv T-2/08 om barn og planlegging går det fram at Regjeringa ønskjer at dei rikspolitiske retningslinene for barn og unge skal handhevast strengare. Andre retningsliner som ”*Flaum- og skredfare i arealplanar*” (Retningsline 2-2011 NVE).

## **2.2 Fylkeskommunale målsettingar/forventningar**

Forslag til regional planstrategien for Oppland for 2012-2016 har fokus på følgjande tre satsingsområde:

1. Nærings- og stadutvikling. Valdres blir her nemnt som ein typisk besøksregion.
2. Kompetanse. Karriere Oppland (KO)
3. Samferdsel. Gode ferdsselsårer, kollektivtransport.

*Jordvernstrategi for Oppland 2007 - 2011*



Fylkeslandbruksstyret, Fylkesmannen og fylkeskommunen har disse forventningane til kommunane:

- Det skal synleggjerast korleis jordressursane og kulturlandskapet er teke omsyn til i planane.
- Nye planforslag skal i utgangspunktet vera i samsvar med overordna plan og langsiktig utbyggingsstrategi.
- I alt planarbeid må det skaffast nødvendig dokumentasjon. Dersom det vert fremma planar som ikkje er i tråd med overordna plan, er det eit strengare krav til dokumentasjon.
- Effektiv arealutnytting innafor byggesona for å redusera behovet for omdisponering av nye område for landbruk, natur og friluftsliv.
- Fortetting og omforming skal ta omsyn til landskap, grønstruktur, biologisk mangfald, kulturminnevern, leikeareal mv.
- Kommunane skal oppfordrast til å gjera vedtak om rekkefølge for utbygging av areal for å sikra at eksisterande utbyggingsområde er ferdigstilte før nye vert tekne i bruk.
- Høg utnytting viss det skal omdisponerast jordbruksareal og areal nær by-/tettstadsområde.
- Det må leggest vekt på omsynet til jordressursane og til kulturlandskapet ved val av langsiktige utbyggingsmønster.
- I og nær tettstader bør det vere ei restriktiv haldning til spreidd bustadbygging.
- Det må leggest vekt på klare og langsiktige grenser mellom bustadsområde og landbruks-, natur og friluftsområde.
- Samanhengande areal med god jordkvalitet må vernast mot nedbygging og oppdeling.

### **2.3. Kommunale målsettingar/retningslinjer**

#### **2.3.1 Kommunal planstrategi 2012-2016**

Kommunal planstrategi for 2012-2016 vidarefører hovudprinsippa i retningslinene for langsiktig arealbruk som var i den kommunale planstrategien som galdt for 2010-2012.

Kap. 4 i kommunal planstrategi for 2010-2012 tok for seg langsiktig arealbruk, og hadde retningslinjer for revisjonen av arealdelen.

Følgjande 10 tema var omtala:

1. Arealdelen til kommuneplanen skal samlast i eit dokument.
2. Satsingsområde for turisme
3. Satsingsområde for kulturlandskap og stølsområde
4. Område for friluftsliv, leik, idrett
5. Satsingsområde for natur- og kulturvern
6. Nye byggeområde (§11-7 i pbl, punkt 1)
7. Langsiktig arealbruk generelt
8. Vurdering av innspel
9. Samfunnssikkerheit og beredskap
10. Folkehelse

I kommunal planstrategi for 2012-2016 er retningslinene komprimert p.g.a. at arbeidet med arealdelen var starta opp når denne vart godkjent, og ein del av vurderingane som skulle gjerast alt var gjort.

Kommunal planstrategi for 2012-2016 prioriterer ferdigstilling av pågåande planprosessar, deriblant arealdelen til kommuneplanen. Her går det dessutan fram at kommunen sannsynlegvis vil måtta delta i div. regionalt planarbeid både i fylket og Valdres utover det

som går fram her. Det går fram at kommunen er oppmerksom på dette, og inneforstått med at ein må rekna med å avsetta ressursar til den overordna vegplanlegginga gjennom kommunen også i perioden 2012-2016:

- Kommunedelplan for E16 Bagn-Bjørge vart godkjent 31.03.2011, medan reguleringsplan for Bagn-Bjørge vart godkjent 27.06.13.
- Kommunedelplan for E16 Fagernes-Hande er under utarbeiding. Planforslaget vart lagt ut til offentlig ettersyn 05.02.13 med høyringsfrist 25.03.13. Planområdet strekker seg frå Fagernes i søraust til Hande i nordvest. Den aktuelle strekninga er i dag ca. 19 km lang, der ca. 11.5 km ligg i Nord-Aurdal kommune medan resten ligg i Vestre Slidre kommune. Delar av denne vart vedtatt 19.12.13, alt 2AB Røn. Resterande del av denne, Fagernes sør – Hunkevike, er ikkje vedteken endå.
- Reguleringsplan for fv33 Skartjednet – Tonsvatnet, varsel om planoppstart 27.5.2013. Prosjektet omfattar breiddeutviding og kurveutbetring på strekninga. Total lengde på parsellen er ca 10 km, der litt over ein km ligg i Nord-Aurdal, medan resten ligg i Etnedal kommune.

Utover dette vil kommunen prioritera oppstart av følgjande andre oppgåver/ønskjer kommunen å/vil kommunen ta del i følgjande oppgåver:

- \* Utgreiing av forholdet mellom Fagernes/Leira som kompletterande handelsstadar. (samarbeid med Oppland fylkeskommune) – Det er starta opp ein areal- og transportplanprosess (ATP-prosess)
- \* Reguleringsplan for kommunalt bustadfelt, Nyvegtøppen
- \* Handlingsplan for energi og klima

Desse oppgåvene ser ikkje kommunen nødvendigvis for seg at vil vera ferdigstilte/avklarte til 2016.

### **2.3.2 Samfunnsdelen til kommuneplanen**

*Har m.a. følgjande målsettingar:*

- sikra gode ute- og leikeareal for barn og unge
- arbeida for å ha levande grender sjølv om ein ikkje har skular
- arbeida for at alle elevar får ein trygg skuleveg.
- leggja til rette for gode, trygge og stimulerande oppvekstmiljø i alle grendene i kommunen
- det skal vera ei tydleg folkehelsesatsing med samhandling mellom sektorane
- sikra store nok og attraktive areal for lek, mosjon, idrett og friluftsliv
- at Aurdal skal vera både ein kultur- og turiststad
- Aurdalsåsen, Tisleidalen og Vaset skal framleis vera satsingsområde for turisme
- at Fagernes saman med Leira framleis skal vera eit handelssenter der dei ytre rammene for næringsetablering skal vera like
- at det til ei kvar tid skal vera godkjente og attraktive næringsområde i heile kommunen, og ledige lokale som ein kan tilby mulege næringsaktørar.
- at ledige areal for næringsetablering blir betre synleggjort
- å styrka tradisjonelle næringar
- å leggja til rette for nyetableringar
- Nord-Aurdal skal vera i forkant innan miljøvennleg transport
- å leggja forholda betre til rette for mjuke trafikantar i heile kommunen
- Fagernes skal vera “motoren” i utviklinga av Valdresregionen
- ta vare på friluftsområde i nærmiljøet og grøne korridorar frå utbyggingsområde til utmark

- hindra forureining av vassdrag og ivareta den verdien som vassdrag er for folk flest
- arbeida aktivt og målretta med førebyggjande arbeid slik at kommunen er best muleg rusta til å ta hand om situasjonar som kan oppstå som følge av klimaendringar
- ”lys i alle glas”, arbeida for ein meir tilgjengeleg bustadmarknad og utvikla kollektivtilbodet i grendene
- vera eit inkluderande samfunn med universell utforming av alle nye tenester og tilbod
- leggja til rette for kommunale bustadtomter nær regionsenteret
- inngrep og påverknader i vassdraga i kommunen som reduserer eller øydelegg mulegheitene for 1. reint drikkevatt med sikker og stabil forsyning, 2. næringsmessig bruk, t.d. naturbasert turisme (m.a. fisking), 3. friluftsliv og naturopplevingar skal reduserast til eit minimum

### **2.3.3 Planprogram for revisjon av arealdelen til kommuneplanen**

#### *Overordna målsetting*

Ei berekraftig og framtidsretta utvikling av kommunen.

Arealplanen skal bli eit godt verktøy slik at ein får redusert talet på dispensasjonssaker.

Avklara behovet for og leggja til rette for ulike arealbruksføremål for komande 10-15 årsperiode.

#### *Delmålsettingar*

Ha ei klar haldning/formeining om korleis kommunen vil og skal utvikla seg i planperioden.

Gjera Nord-Aurdal attraktiv for innbyggjarar og næringsliv.

*Det er gitt målsettingar for følgjande tema:*

Byggeområde

Landbruks-, natur- og friluftsiinteresser, grøntstruktur

Kulturminne og -miljø

Oppvekstvilkåra til barn og unge

Infrastruktur

Energiløysingar

Samfunnssikkerheit, risiko og sårbarheit

Universell utforming

### **2.3.4 Rammer og overordna premisser for arbeidet**

Gjeldande arealdel som vart vedteken 18.09.95 (utmarksdelen) og 12.11.09 (bygdedelen) gjeld til ny plan er godkjent. Formannskapet vedtok 30.09.10 at medan arbeidet med ny kommuneplan pågår, så skal søknader om vesentlege dispensasjon og planarbeid som ikkje er i samsvar med gjeldande plan, og som kommunen mottek i løpet av planprosessen, vurderast/behandlast som innspel til kommuneplanarbeidet.

## **3.0 KULTUR-, NATUR-, MILJØ- og SAMFUNNSINTERESSER**

### ***3.1 Kulturminne, -miljø og -landskap***

Kulturminne med tilhøyrande miljø er viktig dokumentasjon på fortida vår. Kulturminne og -miljø er uerstattelege kjelder til kunnskap om livet og verke til menneske gjennom tidene. Særtrekk i kultur- og naturlandskapet er viktige element. Når ein gravhaug, eit kulturlag eller ein bygning vert vekke, forsvinn for alltid den kunnskapen dei ber med seg.

Auka utbyggingstakt det siste hundreåret, har ført til auka press mot kulturminna. Trusselbildet mot kulturminne, og sannsynlegheita for tap, er stort. Tapet i perioden 2000-2006 var vesentlege høgare (1-2%) enn målsettinga (0.5%).

Dette gjeld ikkje minst for stølsområda, som er viktige kulturminne og sentrale i kulturlandskapet. Stølsområda har stor verdi, som kulturminne og kulturmiljø og dessutan rekreasjonsmessig og økonomisk for innbyggjarane i kommunen og for tilreisande.

### ***3.2 Landbruks-, natur- og friluftstinteresser /Grøntstruktur***

Grendesentra i kommunen er spesielle frå naturen si side. Dei ligg med utsikt til eller nær vatn, og med åsane som rygg og ramme rundt busettinga. Naturen i og rundt dei er viktig for trivselen og helsa til folk, mulegheita deira til rekreasjon, oppleving og friluftsliv. Naturen er òg grunnlaget for biologisk mangfald i utbygde område.

Ei av dei arealpolitiske målsettingane til regjeringa er at årleg omdisponering av dei mest verdifulle jordressursane skal halverast. Landbruksnæringa er med og pregar landskapsbildet i kommunen, og har til alle tider vore viktig. Jordressursane er verdifulle både på innmark og i utmark, og er viktige leveområde for dei ulike bestandane her av storvilt, småvilt og bufe.

For å sikra dei grønne kvalitetane og avgrensa vidare nedbygging er det nødvendig med langsiktig planlegging, god forvaltning og tilrettelegging.

Utbygging og fortetting kan vera ein trussel mot dei grønne områda. Grøntstrukturen i og i tilknytning til dei ulike byggeområda er viktige, og gjev ei positiv oppleving for brukarar av og dei busette i eit område. Ein føresetnad for eit godt miljø, er at dei grønne kvalitetane vert sikra. Dette er viktige for folkehelsa og trivselen generelt for folk.

Nærområda til dei ulike utbyggingsområda blir brukt til mange ulike aktivitetar. Både friluftsområde i nærmiljøet til barn og unge og grønne korridorar frå utbyggingsområde til utmark er viktige. Kommuneplanen legg til rette for at slike område skal takast vare på.

### ***3.3 Biologisk mangfald/Naturmangfaldloven***

Med biologisk mangfald meiner ein den totale variasjonen av alt liv på jorda. Det spenner frå genetisk mangfald/arveanlegg, artsmangfald og mangfald i livsmiljø (økosystem). Norge har slutta seg til den globale konvensjonen om vern og berekraftig bruk av alt biologisk mangfald. Målet med kartlegging og overvaking er å framskaffa eit godt kunnskapsgrunnlag for tiltak og politikktutforming.

Naturmangfaldloven frå 01.07.09 er den mest sentrale loven innan naturforvaltning. Loven regulerer forvaltning av artar, områdevern, framande organismar, utvalde naturtypar, og han tek vare på leveområde for prioriterte artar. Føremålet og grunddelen i loven, som omfattar forvaltningsmål, kunnskapskrav og miljøprinsipp, gjeld ved vedtak etter alle lover som

berører naturen. Kommuneplanen har føringar som skal sikra det biologiske mangfaldet, og openberre konfliktfylte område i høve til naturmangfaldloven er tatt ut. Dessutan er det å visa område som LNF-område eller område for grønnstruktur i kommuneplanen med og sikrar naturmangfaldet.

### **3.4 Stadforming**

#### *Tilrådingar i tettstadanalysa for Aurdal*

\* Aurdalsbyen på jordbruksflata bør ligga utan vesentleg fortetting eller utbygging, området har nådd si grense dersom ein ønskjer å ta vare på særpreget.

\* Viktig at ein tek vare på eit ope drag i landskapet oppover i lia, dei tre gardstuna Kirkenær, Skrivargarden og Lundsmyre ligg plassert som viktige punkt i landskapet.

\* Vidare utbygging nede i furulia er uproblematisk å innpassa i forhold til tettstaden

Det er på kart peika ut to større område, nordvest og søraust for sentrum, der det er sagt at det kan skje utbygging. Områda er vurdert som sårbare i høve til utbygging, og det vert tilrådd å stilla særlege krav til utforming og tilpassing til terreng, kulturlandskap og eksisterande bygg. Arealet mellom desse to fortettingsområda er vist som område som bør stå att som opne drag i landskapet. Områda sørvest for desse, i furulia, er føreslege som utbyggingsområde.

#### *Tettstadanalysa for Fagernes peikar på*

\* at strandsona lang elv og fjord er viktig, og at resterande strandsone bør ivaretakast

\* at åssidene rundt tettstaden er sårbare for større tekniske inngrep

\* utsikten til/kontakten mellom sentrum og fjorden med øyane

\* parken som sentralt rekreasjonsområde av høg kvalitet

\* kvartalsstrukturen, og at det kan vera riktig å forsterka dette trekket

\* konsentrasjon av sentrumsfunksjonar

\* bygningshistoriske hus, fleire hus bør vernast

Det er ein del år sidan tettstadsanalysene vart gjennomført, men mykje av det som står der er framleis gjeldande og ved plasseringa av nye byggeområde og utforming av planføresegner med tilhøyrande retningslinjer er det i hovudsak teke omsyn til tilrådingane her.

#### *Utvikling på Leira*

Det er ikkje gjennomført nokon tettstadsanalyse for Leira, men det både skjer og har skjedd viktige ting her dei siste åra som har mykje å seia ikkje berre for Nord-Aurdal, men for heile Valdres.

Det er bestemt at det skal byggast ny storhall på Leira i område i7 på kommuneplankartet, i tilknytning til eksisterande grasbane. Dette gir auka utfordringar, som det må takast omsyn til, i høve til auka trafikk, parkeringsbehov, gang- og sykkelveggar.

### **3.5 Universell utforming**

Universell utforming er ein langsiktig nasjonal strategi for å bidra til å gjera samfunnet tilgjengeleg for alle og forhindra diskriminering. Prinsippet om universell utforming skal ligga til grunn for planlegging og krava til det enkelte byggetiltak. Dette inkluderer funksjonsnedsettingar knytt til syn, høyrsel, bevegelse, forståing og følsomheit for miljøpåverknad.

### **3.6 Folkehelse**

Folkehelsearbeid er den samla innsatsen til samfunnet for å styrka faktorar som fremjar helse, reduserer faktorar som medfører helserisiko og beskytte mot ytre helsetruslar. Vidare skal folkehelsearbeidet bidra til ein jamnare sosial fordeling av faktorar som påverkar helse.

Folkehelsearbeidet er sektorovergripande og omfattar tiltak i mange samfunnssektorar med sikte på å:

Utvikla eit samfunn som legg til rette for positive helseval og sunn livsstil.

Fremja tryggleik og medverknad for den enkelte og gode oppvekstvilkår for barn og ungdom.

Førebygga sjukdomar og skadar.

I arbeidet med kommuneplanen har kommunen hatt fokus på at arealdelen skal leggja til rette for god forming av utbygde område, gode bumiljø og gode oppvekst- og levekår.

I arbeidet med kommuneplanen har kommunen hatt at arealdelen skal fremma helse til folk og motverka sosiale helseskilnader, samt bidra til å førebygga kriminalitet.

### **3.7 Samfunnsberedskap**

Lovverket tek i fleire tilfelle opp korleis ein pliktar å ta omsyn til risiko i arealplanlegginga. Samfunnsmessig tryggleik vert definert som ei nasjonal interesse. Paragraf 17 i forvaltningsloven ”*Forvaltningsorganet skal påse at saken er så godt opplyst som mulig før vedtak treffes*” og § 20 om undersøkingsplikt i naturskadeloven ”*Kommunen plikter å treffe forholdsregler mot naturskader slik som bestemt i plan- og bygningsloven §§ 11-8 tredje ledd bokstav a og 28-1, samt ved nødvendige sikringstiltak,*” strekar under forventninga om risikovurdering i planprosessen.

#### *Klimatilpassing*

Klimaet er i endring, og me må tilpassa oss desse endringane. Klimaendringane utfordrar arealbruken m.a. p.g.a. auka skred - og flaumfare og problem med overvatn i utbygde område.

Plan- og bygningsloven gir kommunen mulegheit til å styra ny utbygging og sentral infrastruktur til område som er mindre sårbare for klimaendringar, eller ein kan gjennomføra tiltak i forkant som gjer området mindre sårbart. Det som er viktig er at problemstillingar og risikoområde knytt til klimaendringar, blir synleggjort i alle delane av planprosessen.

Det å ta omsyn til vêr- og klimaforhold i samfunnsplanlegginga er ikkje eit nytt tema, men det som kan bli nytt i framtida, er at det blir gradvis varmare, noko som igjen kan føra til meir nedbør- og ekstremvêrhendingar.

#### *Overvatn*

Klimaendringane kan føra til meir nedbør og meir intense nedbørsperiodar som gir store utfordringar m.o.t. handtering av overflatevatnet. Det blir jobba med konkrete prosjekt for å prøva ut ulike måtar å handtera meir overvatn, m.a. ved å utnytta vatn som ein ressurs ved utforming av omgjevnadene. Disponering av overvatn bør inngå tidleg i planlegginga av område for utbygging.

#### *Konsekvensvurdering*

Føremålet med konsekvensvurderinga er å klargjera verknadene av planar og tiltak som kan ha vesentlege konsekvensar for miljø, naturressursar eller samfunn.

Gjennom kommuneplanprosessen er risikoen ved utbygging i alle dei nye byggeområda til ein viss grad vurdert, men ved reguleringsplanprosessen stiller kommuneplanføresegnene krav om ytterlegare vurderingar.

#### *Omsynssoner*

Omsynssonene er eit virkemiddel for å førebygga m.a. flaum, rasulykker m.m. Innanfor sona kan kommunen gi føresegner som forbyr utbygging og/eller tiltak som setter bestemte krav til utforming eller kompensierende tiltak.

I planføresegnene er det stilt krav om at byggeområde med muleg ras- og flaumfare må undersøkast betre ved detaljplanlegging, og at sikringstiltak må vurderast og ev. gjennomførast.

#### **3.8 Valdres natur- og kulturpark**

Valdres har gått saman om den første regionale natur- og kulturparken i Noreg for å styrka arbeidsplassar og busetjing, og for å leggja til rette for ”det gode liv i Valdres”.

Det vert sagt at i merkevarebygginga skal Valdres ha eit særleg fokus på miljø, kultur og det gode og moderne liv i Valdres.

## 4.0. UTBYGGINGSOMRÅDE MED AREALREKNSKAP

### BYGG OG ANLEGG

Til kommuneplanen følger ei oversikt over nye og eksisterande byggeområde som blir vidareført.

Det blir stilt krav om reguleringsplan for område for bygg og anlegg. Det er gjort nokon unntak i planføresegnene frå plankravet.

#### 4.1 Bustadområde

Kommunen meiner det er viktig å leggja til rette for framtidig eksistens i alle grendene i kommunen (jf. samfunnsdelen).

Ev. nye bustadfelt skal lokalisert til område der det er lett og nær tilgang til eksisterande infrastruktur og barnehagar (jf. kommunal planstrategi 2010-2012).

Det skal sikrast mulegheit for bustadbygging i alle 8 grendene i kommunen (Aurdal, Bjørge, Fagernes, Leira, Skrautvål, Tisleidalen, Ulnes og Vestringsbygda). Sentrumsnære bustadområde på Fagernes skal prioriterast (jf. kommunal planstrategi 2010-2012).

#### Folketalsutvikling 2010-2024

Den 01.01.10 var det 6415 innbyggjarar i Nord-Aurdal, medan folketalet var 6402 den 01.01.11. Utifrå folketalsframskrivingane til SSB var det forventa at folketalet skulle auka i perioden, og at det skal auka ytterlegare til 2012. Utifrå folketalsframskrivingane vil folketalet i kommunen auka med i overkant av 100 personar i kommuneplanperioden 2012-2024.

År	2012	2015	2020	2025	2030
innb.	6 457	6 465	6 478	6 524	6 569

*Godkjente bustad-/leilegheitsutbyggingar som ikkje er ferdig utbygd*  
(minimumstal henta frå godkjente reguleringsplanar og byggesaker)

Tettstad	Einebustadtomter	Område for konsentrert bustadbygging (leiligheter/rekkehus)
Aurdal	73	2 (Vinjar)
Bjørge	9	-
Fagernes	-	2 (Vesl.tveit + JVB)
Leira	31	3 (Månotun+Str.fj.)
Skrautvål	16	2 (Skr.v. gr.sent.)
Ulnes	3	-
Vestringsbygda	5	-

#### Godkjente bustadområde i kommuneplanen

I tillegg kjem reservane som ligg i område som er godkjent for bustadbygging i kommuneplanen, men ikkje regulert.

Alle godkjente byggeområde for bustader i kommuneplanen frå 12.11.09 samt dei kombinerte områda for bustader/turisme i kommunedelplan for Tisleidalen grendesenter frå 26.06.95 blir vidareført i kommuneplanen for 2012-2024.



Oversikt over kor mange nye bustader/leilegheiter det er sett i gang arbeid med dei siste åra

Type søknadar	1997	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008
Ferdigstilte bustadar	8	11	14	7	14	12	16	12	15	12	12	14
Tal på nye leilegh.	12	36	28	13	19	13	31	20	12	0	18	25

Type søknadar	2009	2010	2011
Igangsette bustadar og leilegheiter	33	21	54

I komande planperiode vil det bli vektlagt å utnytta alt avsette, ikkje utbygde bustadområde samt fortetting i Fagernes sentrum.

#### Arealoversikt for nye bustadområde

Arealreknskapen viser eksisterande LNF-område/friområde som vert vist som framtidig byggeområde.

ID	Gnr/bnr	Areal	Dyrka mark	Tal på tomter	Lokalisering	Tettstad
B1	95/26	15	0		Sagbråten	Aurdal
B2	96/6	1.5	0	1	Lundsmyre	Aurdal
B3	99/1	1.5	0	1	Høgdingsvegen	Aurdal
B4	14/1	4	0	2-3	Døvrisgruva	Fagernes
B5	18/107 og 5	4	0	2-3	Hvalstad	Fagernes
B6	18/18, 40, 15/6, 12, 14/29 og 37	92	0		Nyvegtøppen	Fagernes
B7	25/1	19	0		Marsteinhøgde 3	Fagernes
B8	25/1 (utviding)	4.5	2		Tveit	Fagernes
B9	83/55	14	0		Førsøddin	Leira
B10	6/5	1.5	1.5	1	Uslevolden	Skrautvål
B11	14/55	8	0	5-6	Solheim	Skrautvål
B12	18/33, 38, 101 og 279,	51	0		Husaplassen	Fagernes

Byggeområde B3 er teke ut av det godkjente planforslaget p.g.a. rasfare, jf. skredvurdering etter raset i Aurdal 22.05.13.

B4 skal regulerast saman med b6 (tidlegare godkjent byggeområde for bustader).

B6 skal regulerast saman med b4 (tidlegare godkjent byggeområde for bustader) i reguleringsplan for Nyvegtøppen.

B8 er utviding av b5 (tidlegare godkjent byggeområde for bustader), og skal regulerast under eitt. Det er krav om konsentrert utbygging for B8.

I byggeområda B1, B6, B7 og B9 kan det leggest til rette for einebustadtomter og/eller konsentrert utbygging.

#### 4.2 Område/tomter for fritidsbustadar

Oversikt over kor mange nye fritidsbustader det er sett i gang arbeid med dei siste åra

Iflg. SSB hadde Nord-Aurdal kommune 4170 fritidsbygningar den 01.01.10.

Type søknadar	1997	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004
Byggemelde fritidsbustader	72	61	41	71	50	46	37	40

Type søknadar	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	
Byggemelde fritidsbustadar	44	64	77	41	29	40	36	

*Oversikt over godkjente hyttetomter i kommunen (16.12.2010)*

Regulerte ikkje frådelte hyttetomter	726
Hyttetomter vist i disposisjons- og kommunedelplan for Ulnes sameige	40
Hyttetomter vist i andre kommunedelplanar (krev regulering), anslag	400
Tidlegare frådelte ubygde hyttetomter, fleire med ukjent lokalisering, anslag	300

*Disposisjonsplanar i utmarksplanen frå 18.09.95*

Alle dei 10 disposisjonsplanane som stod på lista over planar som framleis skulle vera gjeldande i 1995, er innarbeidd på plankartet og blir oppheva med godkjenninga av arealdelen for 2012-2024.

Dette gjeld:

Disposisjonsplan for 107/6	B 15.12.81
Disposisjonsplan for 115/1	B 03.03.81
Disposisjonsplan for SPIKJIBAKK 115/3	B 04.11.80
Disposisjonsplan for 107/4	B 04.11.80
Disposisjonsplan for KINNSFETEN 110/16	B 24.06.80
Disposisjonsplan for HIPPE/SIMLE	Y 11.07.78
Disposisjonsplan for AKSNES/HOLDEN	Y 28.05.76
Disposisjonsplan for FLAGESLETTEN	B 14.03.74
Disposisjonsplan for GLENNA	B 18.10.72
Disposisjonsplan for 110/46	B 20.06.69

Plankartet og planføresegnene til kommuneplanen ivaretek føringane som er lagt i disposisjonsplanane.

*Hyttetomter vist i disposisjons- og kommunedelplan for Ulnes sameige*

Disposisjonsplan for Ulnes sameige blir oppheva med godkjenninga av arealdelen for 2012-2024. Alle byggeområda er vurdert og vist på ulike måtar på plankartet.

### Oversikt over nye hytteområde/-tomter

Arealrekskapen viser eksisterande LNF-område som vert vist som framtidig byggeområde.

ID	Gnr/bnr	Areal (daa)	Tomte-anslag	Namn	Satsingsområde (s)/ Utmarksområde(u)
H1	106/30,47,56,99 (fortett)	179	10-12	Bårbrenna	Tisleidalen (s)
H2	113/4,5,6,9,10,21	7	3-4	Gamlestølfeltet	Åbjøråsen (u)
H3	114/10	35	10	Merket	Merket (u)
H4	Fleire (m.a. 48/5)	600	60-70	Skørvestølen	Vaset (s)
H5	Fleire	400	25-30	Dalen	Skrautvål heimås (u)
H6	79/2	10	4-5	Brattstølen	Tisleidalen (s)

H7	67/7	27	10-12	Hærvassbekken	Sv.sam.v.f.Tisleia(u)
H8	68/2,12,71/1 og 5	86	15-20	Hærvasstølvegen	Delvis (s)/T/(u)SvfT
H9	70/2,71/5,73/11,12 m.fl.	59	15-20	Vasetdansen	Tisleidalen (s)
H10	Fleire	216	20-25	Ørmshamarbrué	Tisleidalen (s)
H11	92/26	59	10-20	Hukkelhaug	Aurdalsåsen (s)
H12	110/38, 46, 72, 73 m.fl.	393	20-30	Huldratjednet	Vestringsbygda (u)
H13	96/5	16	5-6	Hærevatnet	Vestringsbygda (u)
H14	96/12	42	10-11	Huldrastølen	Vestringsbygda (u)
H15	109/4	54	10-15	Sandebekklié	Vestringsbygda (u)
H16	110/80	100	5-10	Kvitingslien	Vestringsbygda (u)
H17	92/27	6	4-5	Hallibakk	Aurdalsåsen (s)
H18	94/1	104	15-20	Aureputten	Aurdalsåsen (s)
H19	94/1	53	15-20	Storstølen	Aurdalsåsen (s)
H20	Nord for 90/134	1	1	Gråndalen	Aurdalsåsen (s)
H21	105/8	1	1	Meinset	Bjørgoåsen (u)
H22	68/11	67	20-30	Åreld	Svenn.s/Delvis (s) T
H23	Fleire	37	15-20	Gomobu	Vaset (s)
H24	90/31	24	6	Fjellstrand I	Aurdalsåsen (s)
H25	90/31	6	2-3	Lyftehøgde	Aurdalsåsen (s)
H26	91/44	85	10-20	Damtjednteigen	Aurdalsåsen (s)
H27	92/35	10	5-6	Bakkejordsteigen	Aurdalsåsen (u)
H28	14/224	37	10	Nythun	Kruk (u)
H29	92/101, 102, 215 m.fl.	119	16	Grønkinlié	Aurdalsåsen (s)
H30	93/116 m.fl.	85	20-30	Damtjednmyratn	Aurdalsåsen (s)
H31	65/3	8	4-5	Nystølen	Sv.sam.v.f.Tisleia(u)
H32	79/6	16	9	Flisebanin	Tisleidalen (s)
H33	93/148	2	1-2	Danebu 4	Aurdalsåsen (s)
H34	91/325	46	15-25	Geitebergsteigen	Aurdalsåsen (s)

Byggeområde H2 er teke ut av det godkjente planforslaget p.g.a. motsegn frå fylkesmannen til samlokalisering med næringsområde E3 og masseuttak R1.

Byggeområda skal utnyttast maksimalt og tala som står over er berre retningsgevande. h20skal regulerast saman med H25, h25 sam med H30.

#### 4.3 Fritids-/turistføremål (Ft1)

Arealrekskapan viser eksisterande LNF-område som vert vist som framtidig byggeområde.

ID	Gnr/bnr	Areal (daa)	Kommentar	Lokalisering
Ft1	46/20, 47/32 m.fl.	7.5		Gomobu
Ft2	95/184	12		Aurdal fjordcamping

#### 4.4 Råstoffutvinning

Arealreknskapen viser eksisterande LNF-område som vert vist som framtidig byggeområde.

ID	Gnr/bnr	Areal (daa)	Noverande	Namn	Lokalisering
R1	113/2,3,4	4	LNF, men teke i bruk	Astridmyré	Åbjør sam./utm.
R2	85/6	2	LNF, men teke i bruk		Jøtulstølan
R3	9002/1	55	LNF, men teke i bruk	Etnsenn	Skrautvål sam.
R4	11/8,13/1, 15/3	9	LNF, men teke i bruk	Grytestølen	Skrautvål heimås
R5	9002/1	16	LNF, men teke i bruk	Skardstølen	Skrautvål sam.
R6	9002/1	38	LNF, men teke i bruk	Nisa	Skrautvål sam.
R7	22/1, 2 og 23/4	73.5	LNF	Raukøllhallvn.	Ranheimsåsen
R8	30/7 og 8	38	LNF, halvparten av arealet på vestsida er teke i bruk	Skrinda	Steinsetbygda

4. off. ettersyn:

R7 utvida med rigg- og lagringsområde på sørsida av Raukøllhallvegen.

R8 utvida med 18 daa på vestsida, halvparten av dette er eksisteranda massetak

#### 4.5 Næringsområde

ID	Gnr/bnr	Areal (daa)	Noverande	Lokalisering
E1	85/3 og 105	42	Off.føremål (f)/Bustad (e)	Leira
E2	85/94, 110 og 282	5.5	Bustad (e)	Leira
E6	70/2	17.5	Off.føremål (f)	Breiset, Fagernes

e=eksisterande f=framtidig

Arealreknskapen under viser eksisterande LNF-område som vert vist som framtidig byggeområde for næring.

ID	Gnr/bnr	Areal (daa)	Kommentar	Lokalisering
E3	113/6,9,10,21,29,30,31,32	76	LNF	Tisleid. (nær Bløytjednsagé)
E4	70/1 og 2	78	LNF	Breiset, Fagernes
E5	78/2	10.5	LNF	Gauså, Lo

#### 4.6 Idrettsanlegg (I)

ID	Gnr/bnr	Areal	Noverande	Føremål	Lokalisering
I3	94/4	14	Byggeområde, fritidsbustadar	Alpin	Snippen, Aurdal

Arealreknskapen viser eksisterande LNF-område som vert vist som framtidig byggeområde.

ID	Gnr/bnr	Areal	Noverande	Føremål	Lokalisering
I1	112/11	52	LNF, skogareal	Modellfly	Pøllaøye, Aurdal
I2	18/15 og 25/260	5	LNF, skogareal	Treningsfelt, fotball	Blåbærmyre, Fagernes
I4	95/13	35	LNF	Alpin	Bråten, Aurdal
I5	85/70 og 170	8	LNF	Storhall m.m.	Leira

#### 4.7 Andre typar anlegg (A)

Arealreknskapen viser eksisterande LNF-område som vert vist som framtidig byggeområde.

##### 4.7.1 Naust (An)

Arealreknskapen viser eksisterande LNF-område som vert vist som framtidig byggeområde.

ID	Gnr/bnr	Areal	Kommentar	Lokalisering
An1	9001/2, Fullsenn	6		Skrautvål sameige
An2	9002/2, Naustedokké	1.5		Ulnessameige
Sn1	79/1	2	Ikkje dyrka mark	Lo

4. off. ettersyn: An1 inngår i Afn2

##### 4.7.2 Fiskebuer m/naust (Afn)

Arealreknskapen viser eksisterande LNF-område som vert vist som framtidig byggeområde.

ID	Gnr/bnr	Areal	Kommentar	Lokalisering
Afn1	9002/2, Naustedokké	1.5		Ulnessameige
Afn2	9001/2, Fullsenn	128		Skrautvål sameige
Afn3	9001/2, Fullsenn	43		Skrautvål sameige
Afn4	9001/2, Fullsenn	59		Skrautvål sameige

3. off. ettersyn: Afn1 endra til An1 p.g.a. motsegn frå fylkesmannen.

##### 4.7.3 Bioenergianlegg (Ab)

ID	Gnr/bnr	Areal	Kommentar	Lokalisering
Ab1	95/31	2	Bustadområde i gjeldande kommuneplan	Aurdal

##### 4.7.4 Grav- og urnelundar (Gu)

Arealreknskapen viser eksisterande LNF-område som vert vist som framtidig byggeområde.

ID	Gnr/bnr	Areal	Dyrka mark	Kommentar	Lokalisering
Gu1	96/4 - Lykkja	6	4.5	Bytte i tilsvarande → 96/96, delar av eigedomen er regulert til veg og allmennyttig føremål, rpl for Aurdal vest – Fjelltun, planID 0542R016	Aurdal
Gu2	41/5 – Ulness nedre	2.5	2.5	Bytte i tilsvarande → 96/96	Ulness

##### 4.7.5 Andre område

Arealreknskapen viser eksisterande LNF-område som vert vist som framtidig byggeområde.

ID	Gnr/bnr	Areal	Dyrka mark	Noverande føremål	Lokalisering
Ft1	Gomobu	7.5	0		
Ft2	95/184	12	0	Verneskog/bevaring (regulert)	

Arealreknskapen viser andre område med endra føremål.

ID	Gnr/bnr	Areal	Dyrka mark	Kommentar	Lokalisering
K1	Aust for Shell	11	0		Fagernes
K2	Aust for K1	11	0		Fagernes
S1	fleire	115	0	Ymse	Fagernes
S2	fleire	44	0	Komb.omr. for bustad, erverv og parkering	Leira
Pp1	25/75	1	0	erervsomsråde	Fagernes
Pp2	25/81 og 178	2	0	Idrett/park i kpl frå 2009	Fagernes

## OPPSUMMERING

### **LNF - område som vert reservert til område for bygg og anlegg i planperioden**

Arealføremål	Areal (daa)	Dyrka mark (daa)
Hytteområde*	2500-3000	0
Bustadområde*	214	3.5 (B8 og B10)
Råstoffutvinning*	215 (6 av 8 område er utviding/vidare bruk av eksisterande massetak)	0
Næringsområde*	229.5	64.5 (E4 og E6)
Område for idrettsanlegg*	100	24 (I4)
Naust og bioenergianlegg	10	0
Grav- og urnelunder	7	7 (Gu1 og Gu2)
Fritids-/turistføremål	19	0

\* Tala i tabellen viser areal som totalt er vist på plankartet. I dette talet inngår for enkelte område både areal som alt er i bruk til føremålet og areal som er reservert til framtidig bruk.

## **LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSOMRÅDE**

Verknaden av at eit område vert lagt ut som LNF område i kommuneplanen vil vera at bygge- og frådelingssøknader m.m. som ikkje er i samsvar med arealbruken vist på plankartet, kan nektast med heimel i planen. I landbruks-, natur- og friluftsområde er det berre tillate å gjennomføra bygge- og anleggstiltak som er ledd i stadbunden næring. Frådeling til andre føremål er ikkje lov. Kommuneplanen opnar for spreidd naustutbygging med 1 naust på eigedom 79/1 langs Strøndafjorden. Elles blir det opna for spreidd næringsutbygging på gardsbruk i drift. Ein del byggeområde i kommunedelplan for Svennes og Ulnes sameige vert vidareført som 9 område for spreidd hyttebygging der det er lov å etablera 1 ny hytteeining i 6 av dei og 2 nye hytteeiningar i dei 3 siste.

## OMRÅDE SOM SKAL TILBAKEFØRAST TIL LNF

Område	Gnr/bnr	Areal (daa)	Dyrka mark som blir tilbakeført til LNF
Bustadområde, Aurdal	97/6, 15	7	0
Bustadområde, Nesjordet vest, Fagernes	66/2	10	0
Bustadområde, Nesjordet aust, Fagernes	66/2	10	9
Bustadområde, Nerstad, Leira	86/18, 30	38	7 (9daa innmarksbeite)
Bustadområde, Måno, Leira	85/15, 385	34	0
Hytteområde, Ørrhovda, Skrautvål heimås	1/2, 16, 3/8, 9/3,6	450?	0
Hytteområde, Tisleidalen, Merket utm.	114/7	40	0
Hytteområde, Tveitastølomr., utmarksplanen	23/34 og 38		0
Industriområde, Aurdal	95/1	47	0
Ervervsområde, Aurdal	95/1	58	0
Ervervsområde, Svennes sameige	70/1, 79/10	155	0
Ervervsomr. ved Storstøltjednet, Aurdalsåsen	95/1	1	0
Off.område ved Sorenskrivargarden, Aurdal	96/96	14	11
<b>SUM</b>		824	26

## 5.0 KONSEKVENSVURDERING

For at dokumentet skal vera lettare å finna fram i, ligg konsekvensvurderinga som eit eige vedlegg.

## **6.0 PLANFØRESEGNER OG RETNINGSLINER M.M.**

Alle gjeldande kommunedelplanar frå før 2011 er innarbeidd i arealdelen, og ved vedtaksdato for kommuneplanen gjeld ikkje desse lenger.

Alle gjeldande disposisjonsplanar er innarbeidd i arealdelen, og ved vedtaksdato for kommuneplanen gjeld ikkje desse lenger.

For at planføresegnene og retningslinene skal vera lettare å finna fram i, ligg dokumenta som eigne filer.

### ***6.1 Planføresegner***

Oversikt over gjeldande reguleringsplanar som framleis skal gjelda.

Avgrensing av Fagernes sentrum med kvartalsinndeling og nærområda til Fagernes sentrum.

Avgrensing av Leira sentrum

Kart som viser funksjonsklassane til fylkesvegane i kommunen

### ***6.2 Retningsline 1***

Utfyllande retningsliner for tema/forhold som skal avklarast/gjennomførast ved utarbeiding av reguleringsplanar.

### ***6.3 Retningsline 2***

Behandling av byggesøknadar i LNF-område.

### ***6.4 Retningsline 3***

Leikeklassnormer

### ***6.5 Retningsline 4***

Parkeringsnormer

### ***6.6 Retningsline 5***

Skiltnormer

### ***6.7 Byggegrenser for riks- og fylkesvegar***

### ***6.8 Temakart***

Temakart, omsynssone ras snøskred

Temakart, omsynssone ras steinsprang

Temakart, omsynssone støy

Temakart, omsynssone fjernvarme

Temakart Den Bergenske Kongevegen

Kart som viser funksjonsklassar for fylkesvegnettet



## **7.0 VURDERINGAR OG MØTEBØKER**

### **21.06.12**

*7.1 Møtebok 1 sak 041/12 i formannskapet: Arealdelen til kommuneplanen 2012-2024, 21.06.12*

*7.2 Grunnlagsdokument 1 – 1. vurdering av innspel om hytteområde m/samla oversikt med konklusjonar*

*7.3 Grunnlagsdokument 2 – 2. vurdering av innspel om hytteområde m/samla oversikt med konklusjonar*

*7.4 Grunnlagsdokument 3 – vurdering av innspel om bustadområde*

*7.5 Grunnlagsdokument 4 – vurdering av innspel om naust og fiskebuer*

*7.6 Grunnlagsdokument 5 – vurdering av andre innspel*

### **11.04.13:**

*7.7: Møtebok 2 sak 017/13 i formannskapet: Arealdelen til kommuneplanen 2012-2024, 11.04.13*

*7.8: Samandrag og vurdering av innkomne merknadar ved 1. offentleg ettersyn frå NVE, FMiO, OFK og SVV.*

*7.9: Samandrag og vurdering av alle andre innkomne merknadar ved 1. offentleg ettersyn.*

*7.10: Kartutsnitt som viser forslag til nye byggeområde ved 2. off. ettersyn.*

### **07.11.13:**

*7.11: Møtebok 3 sak 050/13 i formannskapet: Arealdelen til kommuneplanen 2012-2024, 07.11.13*

*7.12: Samandrag og vurdering av innkomne merknadar ved 2. offentleg ettersyn frå NVE, OFK, SVV og FiO.*

*7.13: Samandrag og vurdering av alle andre innkomne merknadar ved 2. offentleg ettersyn.*

### **15.05.14(F):**

*7.14: Møtebok 4 sak 018/14 i formannskapet: Arealdelen til kommuneplanen 2012-2024. 15.05.14*

*7.15: Samandrag og vurdering av innkomne merknadar ved 3. offentleg ettersyn frå NVE, OFK, SVV og FiO.*

*7.16: Samandrag og vurdering av alle andre innkomne merknadar ved 3. offentleg ettersyn.*

**28.08.14(F)/11.09.14(K):**

*7.17: Sluttbehandling: Arealdelen til kommuneplanen 2012-2024, 28.08.14(F)/11.09.14(K)*

*7.18: Samandrag og vurdering av innkomne merknadar ved 4. offentleg ettersyn*

## 8.0 ORDFORKLARINGAR

**Einebustad** og andre bustadtypar vert definert som i rettleiaren ”grad av utnytting” frå Miljøverndepartementet (T-1459).

**Fritidsbustader** er bygningar nytta til overnatting i samband med privat fritidsbruk. Bygningar nytta til utleige/næring kjem inn under arealbruksføremålet fritids- og turistføremål.

**Naust** er eit uthus i strandsona som vert nytta til oppbevaring av reiskapar, utstyr, småbåtar og anna. Naust skal ikkje vere innreia eller brukt til varig opphald som bustad eller fritidsbustad.

**Universell utforming** vil seie at produkt, byggverk og uteområde skal utformast slik at alle menneske skal kunne nytte dei på ein likestilt måte så langt råd er utan spesiell tilpassing eller hjelpemiddel.

**BYA** er det same som bebygd areal, og er det arealet som bygningen opptar av terrenget. I bebygd areal skal også overbygd areal, utkraga bygningsdelar samt konstruksjonar og bygningsdelar som stikk meir enn 1 m ut forbi veggliv medreknast.

**BRA** er det same som bruksareal, og gir oversikt over det samla arealet for alle plan i ein bygning. Bruksareal for ein tomt inkluderer også ope, overbygd areal og parkering.

**Leikeareal** er areal som er sett av til leik og skal opparbeidast til leik for dei minste borna, til dømes med fallunderlag og leikeapparat.

**Nødvendige tiltak i landbruket** vert definert som i rettleiar for Landbruk +, T-1443:2005.

**Næringsområde** er område som skal nyttast til føremål som industri, handverk- og lagerverksemd, kontor og hotell. Næringsverksemd som er nemnd som eige føremål i lova kjem ikkje under næringsområde (t.d. kjøpesenter, forretning, tenesteyting).

**Kjøpesenter** er detaljhandel i bygningsmessige einingar og bygningskompleks som vert etablert, drive eller framstår som ei eining, samt utsal som krev kunde- og medlemskort for å få tilgang.

**Fritids- og turistføremål** er bygningar og anlegg nytta til kommersiell turistverksemd, og omfattar blant anna utleigehytter og campingplass.

**Vassdrag** er definert som alle elvar, bekkar, vatn/tjern og andre vassamlingar uansett storleik som ikkje er turrlagte i løpet av ein normal sommar/har kontinuerleg tilløp.

**Dyrka jord** er fulldyrka jord, overflatedyrka jord og gjødsla beite (jf. rundskriv M-412003 frå LMD). Ved vurdering av om eit areal er dyrka eller dyrkbart, bør ein legge definisjonane som vert brukt i samband med økonomisk kartverk til grunn:

*Fulldyrka jord:* Areal som er dyrka til vanleg pløyedjupn, og som kan nyttast til årsvekstar eller til eng som kan fornyast ved pløying.

*Overflatedyrka jord:* Areal som er rydda og jamna i overflata, slik at maskinell hausting er muleg.

*Gjødsla beite:* Areal som årleg vert gjødsla og brukt som beite, men som ikkje kan haustast maskinelt.

*Dyrkbar jord:* Jord som kan fulldyrkast til lettbrukt eller mindre lettbrukt jord. For at areal skal kunna klassifiserast som dyrkbar jord må det kunna gje rimeleg og sikker grasavling.

## **Anna lovverk som vedkjem planlegginga**

### **Kulturminnelova**

Undersøkingssplikta etter § 9 i kulturminnelova skal oppfyllest i alle byggeområde, også for tiltak i eller i tilknytning til vassdrag, t.d. bryggeinnretningar.

### **Jordlova**

Frådeling av landbrukseigedom må behandlast etter jordlova § 12, også i LNF-område der spreidde bustader, næringsbygningar, fritidsbustader og naust er tillate. Dersom bygningar, under dette bygningar knytt til landbruket, er foreslått plassert på dyrka mark, skal plasseringa behandlast som søknad om omdisponering etter jordlova § 9.

### **Minerallova**

Massetak i næringsområde fell inn under reglane i minerallova dersom massane skal seljast på den opne marknaden. Steinbrot, gruver og massetak med tilhøyrande knuseverk og sorteringsanlegg er unnateke frå byggjesakshandsaming (jf. byggjesaksforskrifta). Dette gjeld uttak som er i samsvar med gjeldande reguleringsplan og som er gjeve driftskonsesjon etter reglane i minerallova.

## 9.0 ERFARING

### *Status ved oppstart hausten 2010*

Utmarksdelen var sist revidert i 1995 og førelåg ikkje digitalt.

7 kommunedelplanar i utmarksområda skulle innarbeidast i den samla arealdelen, og halvparten av desse var ikkje tidlegare digitalisert.

Bygdedelen vart sist revidert i 2009 og førelåg digitalt.

Mange innspel som har lege lenge og venta på behandling.

Fleire gjeldande disposisjonsplanar.

Det å få ein samla oppdatert kommuneplan, og eit digitalt plankart for heile kommunen har vore arbeidskrevjande.

### *Planprosess*

Kommunen har samla sett motteke mellom 200 og 300 innspel til revisjonsarbeidet. Rundt 140 av desse var innspel om alt frå 1-100 hyttetomter. Ein av årsakene til at det var såpass mange innspel er at utmarksdelen ikkje har vore revidert sidan 1995. Dette har medført at ein del innspel (og søknadar som har blitt vurdert som innspel til arealdelen) har lege på vent i mange år. Det var innspel heilt tilbake frå slutten av 1990-talet som skulle vurderast i prosessen. Dei fleste innspela omfatta område som låg i utmarksdelen.

Med alle innspel til arealdelen, så har ein vore nøydte til å sortera innspela kritisk i høve til retningslinene i kommunal planstrategi som vart vedteken 16.12.10.

Med bakgrunn i dette så har ein sett det som viktigast å få sortert og vurdert alle innspel, og å få eit oppdatert samla plankart for heile kommunen som det viktigaste med prosessen. Tidsbruken til dette har medført at ein har måtta nedprioritera ein del tema ein meiner det burde vore jobba meir med, men dette ser ein for seg at blir prioritert ved 1. revisjon, og det bør ikkje gå 15-20 år til neste gang det blir ein samla revisjon.

Med hyppigare revisjonar vil ein sannsynlegvis ikkje ha så mange innspel å forholde seg til og kan prioritera andre/fleire tema. I tillegg vil det at ein no har eit komplett digitalt plankart sannsynlegvis gjera revisjonsarbeidet mindre arbeidskrevjande ved neste revisjon, slik at ein kan bruka ressursar til det ein no ikkje har hatt mulegheit til.

## 10.0 VEDLEGG

Oversikt over eksisterande byggeområde som blir vidareført og nye byggeområde.